

Formidlingsgruppa under Fjordabaatane.

**SØKNAD OM KUP-MIDLAR TIL FORPROSJEKT OM SAMARBEID FOR FORMIDLING OM FJORDABÅTANE.**

Dei som er med i Formidlingsgruppa knytt til Fjordabaatane er: Dag Bakka jr., Harald Sætre og Harald Kvinge. Me har arbeidd ei stund med formidlingsopplegg for fjordabåtane med D/S Stord I som pilot. Av tiltak som er sett i verk kan nemnast:

- Faldar om D/S Stord I si historie
- Biletserie om D/S Stord I frå tidleg 1913-2013,
- Informasjonstavle på Holbergskaien (samarbeid med Kulturavdelinga i Hordaland fkm.)
- Ymse foredrag om bord under turar med D/S Stord I

Me har hatt tankar om å få laga ein historisk informasjonsfilm om fjordabåtane.

Gruppa er opptatt av å få til god formidling om fjordabåtane og gjerne andre veteranbåtar. Me ser at på vegen vidare må analyserast kva som finnast av tilfang av historisk materiale og ressurspersonar som kan gå inn i arbeidet med å få fram formidlingsstoff.

Denne søknaden dreia seg difor om midlar til eit forprosjekt som kan identifisera kva som kan vera mogleg og rammene elles for samarbeid.

Resultat av forprosjektet vil gi svar på om det er grunnlag for å gå vidare med hovudprosjekt.

.....

Formidlingsgruppa søkte pr. 03.04.2018 om tilskot frå ordninga »Driftsstønad til kunst, kultur og idrett» til tiltak «Formidlingsprosjekt for fjordabåtane», tildelt saksnummer 2018/7917. Me trekkjer denne søknaden til fordel for søknad om KUP-midlar.

Grunngjeving for søknaden til saksnummer 2018/7917, er aktuell for søknaden om KUP-midlar og følger vedlagt.

Det vert vist til elektronisk søknadsskjema om KUP-midlar med vedlegg.

Med vennleg helsing

Harald Kvinge  
prosjektleder